

## **Årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen** **tysdag 08. mars 2022, kl. 18.00-20.00 i Gimle**

### **Sak 1 Velkommen / opning**

Marit Kvamen ynka velkommen, og gratulerte med kvinnedagen.  
Kvedagrappa underheld med ein song.

Det møtte 21 personar med røystrett og 3 utan røystrett.

### **Sak 2 Konstituering**

2.1 godkjenning av innkalling

Vart send ut digitalt (Bodstikka og facebook) 07.02.22

**Vedtak: Innkallinga vart samrøystes godkjend.**

2.2 godkjenning av saklista

Vart send ut digitalt (Bodstikka og facebook) 07.02.22

**Vedtak: Saklista vart samrøystes godkjend.**

2.3 val av ordstyrarar

**Vedtak: Gunn Inger Sture og Eli Randmo.**

2.4 val av skrivarar

**Vedtak: Gro Vetås og Johanna Mjeldheim.**

2.5 val av protokollunderskrivarar

**Vedtak: Rigmor Nesheim Vaular og Eldbjørg Gunnarson**

2.6 val av teljekorps

**Vedtak: Åshild M. Ø. Odeen og Stig Indrebø.**

### **Sak 3 Årsmelding for 2022, med førebels rapport for arbeidsprogrammet 2021-2022**

Renathe Nilsen la fram årsmeldinga og førebels rapport for arbeidsprogrammet.  
Ho drog særleg fram feiring av Noregs Ungdomslag sitt 125 års jubileum, både på hytta og jubileumshelga i oktober. I tillegg til julelagsmøte og dansesfest i november.  
Styret korrigererte linje 44 i årsmeldinga, frå *Hordakappleiken* til *Vestlandskappleiken*.

Tilråding frå Rådet den 22.02.22: *Årsmeldinga vert tilrådd godkjent av årsmøtet.*

Desse hadde ordet i saka: Dag Inge Bøe.

**Vedtak:**

**Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2021 for Bergen ungdomslag Ervingen, og tek førebels rapport om arbeidsprogrammet 2021-2022 til vitande.**

## Sak 4 Rekneskap for 2021

Marit Kvamen la fram rekneskapen for laget.

Ho nemnde at det har vore ein nedgang i inntekter og utgifter, noko ein trur skuldast pandemien og manglande aktivitet for dei vaksne.

I tillegg drog ho fram at det har kome mykje og store tilskot i meldingsåret. Mellom anna korona-kompensasjon, ildsjelfondet, og tilskot til sommarskule for barn.

Det har vorte kjøpt inn kanoar og pussa opp litt på hytta.

Frode Myhra la fram rekneskapen for fond- og eigedomsstyret.

Ein har fått varsel frå revisor i Ervingen Kulturhus om at laget vil vera revisorpliktig med ekstern revisor. Fond- og eigedomsstyret jobbar med å finna ut av den saka.

Tilråding frå Rådet den 22.02.22: *Rekneskap for laget og Fonds -og eigedomsstyret vert tilrådd godkjent av årsmøtet.*

Årsmøtet song «Flaumen går».

Gunn Inger Sture las revisjonsmeldinga.

Det kom kommentar om at årstalet for signering er feil, og må rettast opp i. I tillegg er det ein skrivefeil i revisormeldinga, som må rettast opp i: (...) *tilrår at årsmøtet godkjenner (...)*

Desse hadde ordet i saka: Øystein Erstad, Torgrim Ljones, Gro Vetås, Renathe Nilsen, Halvor Røyset, Frode Myhra og Eldbjørg Gunnarson.

Årsmøtet ba lagsstyret etterspørja notar til balansen.

### Vedtak:

- |  |
|--|
| <p>a. Årsmøtet godkjenner rekneskap for laget 2021. Overskotet på kr. 82.626,- vert lagt til eigenkapitalen.</p> <p>b. Årsmøtet godkjenner rekneskap for fond- og eigedomsstyret 2021.</p> |
|--|

## Sak 5 Budsjett 2022

Marit Kvamen la fram saka.

Frode Myhra la fram budsjettet for fond- og eigedomsstyret.

Tilråding frå Rådet den 22.02.22: *Budsjettet for laget vert tilrådd godkjent av årsmøtet, med dei endringane som kom opp på møtet. Budsjettet for Fonds- og eigedomsstyret vert tilrådd godkjent av årsmøtet.*

Desse hadde ordet i saka: Øystein Erstad, Halvor Røyset og Borghild M. Opdahl.

Det kom oppmoding om å freista å skapa inntektsgjevande dugnad, og at lagsstyret må sjå på budsjetteringa til neste år, slik at ein ikkje treng å bruka ein halv million av reservefondet kvart år.

---

Vedtak:

- a. Årsmøtet vedtek budsjettet for 2022 for laget.
- b. Årsmøtet vedtek budsjettet for 2022 for fond- og eideomsstyret.

## Sak 6 Medlemspengar 2023

Dag Inge Bøe la fram saka.

Desse hadde ordet i saka: Åshild M. Ø. Odeen og Eldbjørg Gunnarson.

Vedtak:

### Medlemspengar 2023:

Vaksne	kr 800
Barn og ungdom t.o.m. 26 år	kr 500

I tillegg kjem aktivitetsavgift for medlemar som deltek på ein eller fleire faste øvingar i laget; kr. 500,- pr. år. (250,- pr halvår)

Pause med mat, kl. 19.10-19.30

## Sak 7 Fråsegner

Gunn Inger Sture la fram saka om fråsegn om lovendringsframlegg frå Noregs Ungdomslag. Lovendringa inneheld både eit framlegg om å fjerna kravet om nynorskbruk i NU sentralt og på å opna for servering av alkohol på sentrale tilskipingar.

I tillegg til at lovendingane verkar historielause og riv vekk grunnmuren i organisasjonen, er det også uklart kven desse framlegga kjem frå. Framlegga er send frå NU, men grunngevinga er «tankar frå leiaren». Desse grunngevingane framstår også som sær s lite diplomatisk, og nynorsk vert kalla ein hemske for organisasjonsutviklinga.

Desse hadde ordet i saka: Eldbjørg Gunnarson, Eli Randmo, Torgrim Ljones, Øystein Erstad,

Årsmøtet oppmoda lagsstyret om å publisera ei fråsegn på bakgrunn av innspelet laget sender til NU, td i BT og andre plattformer som er naturleg å distribuera dette til.

Vedtak:

Årsmøtet i Bergen ul Ervingen støttar styret i Bergen ul Ervingen sitt innspel om lovendringsframlegg i NU. Årsmøtet vedtek at Bergen ul Ervingen sine utsendingar på landsmøte til NU røyster i tråd med innspelet frå Bergen ungdomslag Ervingen.

## Sak 8 Val

Leiar i valnemnda, Borghild M. Opdahl la fram saka på vegne av valnemnda.

### Vedtak:

#### Lagsstyret

Leiar	Marit Kvamen	Attval, 1 år
Medlem	Live Havro Bjørnstad	Ny, 2 år
Medlem	Dag Inge Bøe	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Renathe Nilsen	Attval, 2 år
Medlem	Irene Bjørke	Ikkje på val, 1 år att
Varamedlem	Åshild Margrete Østtveit Odéen	Attval, 1 år
Varamedlem	Inga Myhr	Attval, 1 år
Varamedlem	Johanna Mjeldheim	Ny, 1 år

#### Rådet

Leiar	Borghild Opdahl	Attval, 1 år
Medlem	Gunn Inger Sture	Ny (tidlegare vara), 2 år
Medlem	Eli Randmo	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Stig Indrebø	Attval, 2 år
Medlem	Ingunn Skjelvan	Ikkje på val, 1 år att
Varamedlem	Hans Nyeggen	Attval, 1 år
Varamedlem	Sverre Sundvor	Ny (tidlegare medlem), 1 år

#### Fond- og eigedomsstyret

Leiar	Arnvid Underlid	Attval, 1 år
Medlem	Frode Myhra	Attval, 2 år
Medlem	Bjørn Feltens	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Knut Arne Vedå	Ny, 2 år
Medlem	Vegard Opheim	Ikkje på val, 1 år att

#### Folke­danslaget

Leiar	Gunn Inger Sture	Ny (tidlegare medlem), 1 år
Medlem	Stig Indrebø	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Øystein Ask	Supplering, 1 år att
Medlem	Line Alvheim Åse	Ny, 2 år
Medlem	Sindre Vatnehol	Ny, 2 år

#### Ungdomsgruppa

Leiar		På val, 1 år
Medlem		På val, 2 år
Medlem		På val, 2 år

#### Ungdomsgruppa vert lagt til lagsstyret

#### Barnelaget

Leiar	Karin Mössler	Attval, 1 år
Medlem	Heine Bugge	Ny, 2 år
Medlem	Yvonne Dahl	Supplering (attval), 1 år

#### Koret

Leiar	Dag Inge Bøe	Attval, 1 år
Medlem	Julian Merlin Ertel	Attval, 2 år
Medlem	Oda Strøm Oksholm	Ikkje på val, 1 år att
Vara	Selinn Sannes	Attval, 1 år
Vara	Sigrid Vinje-Christensen	Attval, 1 år

#### Jr.laget

Leiar	Marianne Rønne­stad	Ny (tidlegare medlem), 1 år
Medlem	Therese G. Eide	Ny, 2 år
Medlem	Vigdis Berg	Ikkje på val, 1 år att

#### Audhilds

Leiar	Christian Bianchi Strømme	Ny, 1 år
Medlem	Symre Taugbøl Bang	Ny, 2 år
Medlem	Else Bull Jenssen	Ikkje på val, 1 år att

#### Hyttenemnda

Leiar	Stig Vaular	Ny, 1 år
Medlem	Ingunn Skjelvan	På val, 2 år
Medlem	Hans Nyeggen	Supplering, 1 år

#### Ettersyn

	Torbjørn Haukås	Attval, 1 år
	Steinulf Tungesvik	Attval, 1 år
Vara	Halvor Røyset	Attval, 1 år

#### Valnemnda

Leiar	Borghild Opdahl	Attval, 1 år
Medlem	Ida Marie Rognsvåg	Ny, 1 år
Medlem	Einar Heggland	Ny, 1 år
Medlem	Hans Nyeggen	Attval, 1 år
Medlem	Frode Myhra	Attval, 1 år

Selsvikklubben vel eigen leiar, Kvedargruppa og Skostredet spøt og slarv vel eigne kontaktpersonar.

Årsmøtet gjev styret fullmakt til å peika ut nemndsmedlemmer til teaterlaget og Gimlingane etter trong.

Utsendingar til ulike årsmøte og landsmøte: Lagsstyret får fullmakt til å skaffa all representasjon.

Årsmøtet song «Nordmannen».

Marit takka ordstyrarane for jobben, takka for møtet og heva møtet kl. 20.00

  
Rigmor Nesheim Vaular

  
Eldbjørg Gunnarson